



14/121

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Masfjorden kommune
v/rådmann og ordfører

5981 MASFJORDNES

MOTTATT
26 MAI 2014
MASFJORDEN KOMMUNE

Postadresse:
28-May-2014
Postboks 159
Sandviken
5812 Bergen

Besøksadresse:
Sandbrogaten
5/7

Internett:
www.imdi.no

E-post:
post@imdi.no

Sentralbord:
24 16 88 00

Telefaks:
24 16 88 01

Org.nr:
987 879 696

Bankkonto:
7694.05.12693

DERES REF

VÅR REF

12-01734-6.RAA

DATO

21.5.2014

Oppmoding om busesting av flyktningar i 2014 og 2015

Vi syner til tidlegare kontakt med kommunen om busesting av flyktningar. I dette brevet ber vi kommunen vurdere å busette fleire flyktningar i 2014 og 2015. Vi vender oss til kommunen på bakgrunn av samarbeidsavtalen mellom staten og KS.

IMDI Vest syner til Masfjorden kommune sitt vedtak, der kommunen opprettheld vedtak frå 2012 om ikkje å busette flyktningar i perioden 2012-2014, men ynskjer å sjå nærmare på moglegheiter og behov i kommunen for å integrere flyktningar i framtida.

På bakgrunn av at det skal busettast 10 000 flyktningar både i 2014 og 2015, vil vi be Masfjorden kommune om å handsame oppmodinga vår om busesting av flyktningar på nytt og fatte vedtak for 2014 og 2015 i tråd med oppmodinga:

minst 10 nykomne flyktningar i 2014.

minst 10 nykomne flyktningar i 2015.

Så framt det vert busett 10 000 flyktningar i 2014 og 2015, gir dette følgjande plantal for kommunen i 2016 og 2017:

minst 10 nykomne flyktningar i 2016.

minst 10 nykomne flyktningar i 2017.

Kommunane gjer ein stadig betre jobb med å busette flyktningar. Frå 2012 til i dag aukar kommunane sine vedtak frå under 6000 til 7600 plassar per år. Busestinga skjer også jamnare gjennom året og plassane vert utnytta raskare enn før. Fleire kommunar enn før over heile landet ser busesting av flyktningar i samanheng med sysselsetting og befolkningsutvikling.

Nasjonalt utval for busetting har sett som mål at kommunane skal tilby 10 000 busettingsplassar i 2014 og 2015. Dette målet er også lagt til grunn for samarbeidsavtalen mellom staten og KS om busetting av flyktningar, som vart fornya 22. april 2014. Staten og KS har ein samanhengande dialog om rammevilkår som gjer kommunane i stand til å busette fleire flyktningar. Tilskota som vert løyst ut ved busetting av flyktningar, er auka. I vedlegget til dette brevet er det gjort nærmere greie for bakgrunnen for oppmodinga og kva tilskot som vert løyst ut ved busetting.

Vi vil understreke verknaden av presise vedtak for tal på flyktningar som skal busettast. Vi ber om at det ikkje vert fatta vedtak som inkluderer familiesameinte, eller som avgrensar moglegheitene til å gjennomføre busettingsarbeidet. Vedtak må fattast utan etterhald. IMDi forstår det slik at alle vedtak er bindande for begge partar. Skulle det av særskilte grunnar ikkje la seg gjere å realisere alle plassane, ber vi om at unytta plassar vert overført til neste års busetting. Dersom kommunen har vanskar med å finne bustader, kan det vere eit alternativ at flyktningar sjølv finn bustad, innanfor ramma av kommunen sitt vedtak.

For å legge til rette for jann og føreseieleg busetting i åra 2014-2015, ber vi om kommunen sitt svar på oppmodinga innan 1.september 2014. Ta kontakt med IMDi Kaare-Andreas Krog, kak@imdi.no tlf.90360502 i IMDi Vest dersom de ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av flyktningar generelt. IMDi er også på tilbodssida når det gjeld å delta på møter med leiinga i kommunen, eventuelt saman med andre statlege etatar. IMDi vil blant anna samarbeide med Fylkesmannen om oppfølginga av dette brevet.

Vi ber om at vedtaket vert sendt skriftleg til IMDi Vest og på e-post til post@imdi.no med kopi til KS v/Nina Gran; nina.gran@ks.no. Oppmodinga er utarbeidd i samarbeid med KS. Vi syner til vedlagt brev frå KS.

Vi ser fram til eit framleis godt samarbeid med Masfjorden kommune!

Med venleg helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet


Randi Kleven
Regiondirektør


Ragnhild Aasvang
seniorrådgjevar

Kopi:
Fylkesmannen
KS

Vedlegg

Nærare om bakgrunnen for oppmodinga

Staten ved IMDi oppmoda i fjor kommunane om å busette 10707 flyktningar i 2014. Alle kommunane i landet er bedne om å busette flyktningar. Kommunane har hittil vedteke å busette 7557 flyktningar i år, og IMDi sin prognose basert på siste signal er at kommunane vil vedta 7700 plassar.

Busettingsbehovet for 2014 har imidlertid auka til 12 000, og målet er å busette 10 000 flyktningar både i 2014 og 2015. Grunnen til det auka behovet er at fleire asylsøkarar har behov for vern og får innvilga opphaldsløyve, at UDI har ei meir effektiv sakshandsaming, og at kapasiteten i kommunane ikkje har auka tilsvarande. Så framt det vert busett 10 000 flyktningar i 2014 og 2015, vil busettingsbehovet i 2016 og 2017 bli 8 000 per år ut frå dagens prognosar.

Det sit i dag over 5500 flyktningar med opphaldsløyve i asylmottak og ventar på å flytte til ein kommune. Over 700 av desse er born i familiar. Av dei har 200 born budd meir enn tre år i asylmottak.

For å få busett det store talet busettingsklare flyktningar som ventar i mottaka, trengs det ein særleg innsats frå kommunane i 2014 og i 2015. Nasjonalt utval for busetting mv., som er eit partssamansett utval frå staten og kommunane, har sett som mål at kommunane skal tilby 10 000 busettingsplassar i 2014 og 2015.

Dette målet er også lagt til grunn for samarbeidsavtalen mellom staten og KS, som vart fornya 22.april 2014. Samarbeidsavtalen skal bidra til auka busetting av flyktningar med opphaldsløyve i Noreg.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/aktuelt/nyheter/2014/Avtale-om-a-bosette-flere-flyktninger-.html?id=757459>

Nasjonalt utval har bestemt at IMDi skal rette ein ny førespurnad til kommunane om å fatte vedtak om dei manglande plassane i 2014 og 2015. Dersom kommunane vedtek 10 000 plassar i 2014 og 2015, tilseier prognosane at det vil vere behov for å busette 8 000 flyktningar i åra 2016 og 2017. Dersom kommunane vedtek færre enn 10 000 plassar i 2014 og 2015, vil busettingsbehovet i 2016 og 2017 auke tilsvarande.

Busettingsbehovet for einslege mindreårige er fastsett til å vere 480 i 2014, medan behovet for 2015 – 2017 vil vere på 430 per år.

Kommunane tek imot ulike tilskot frå staten for å dekke kommunale utgifter som følgjer av busetting og integrering av flyktningar. Tilskota utgjer 8,2 milliardar kroner i 2014. Då er ikkje ordinære overføringer til kommunane tekne med. For å stimulere til auka busetting, har regjeringa styrka integreringstilskotet med 327,8 millionar kroner i 2014. Nærare informasjon om ulike økonomiske verkemiddel ved busetting av flyktningar fins på IMDi sine heimesider: <http://www.imdi.no/no/Tilskudd/>

Å finne eigna bustad til flyktningar kan vere ei utfordring. Det er avgjerande at kommunen sitt vedtak om busetting vert følgjt opp gjennom bustadplan og aktiv bruk av Husbanken sine ordningar. Husbanken i din region kan kontaktast v/ regiondirektør Mabel Johansen på tlf. 55 30 66 06. Vi syner også til nærmere informasjon på Husbanken sine heimesider.

Busetting av flyktningar er ei permanent kommunal oppgåve på lik linje med andre kommunale oppgåver. Busettingsarbeidet må i likskap med andre kommunale oppgåver inn i faste og planlagde former, basert på fleirårige vedtak og plantal. Det

venta talet på flyktningar det er behov for å busette i den enkelte kommune dei kommande åra, skal gå fram av plantal som gir kommunane god framsynt planlegging. IMDi vil kvart år gi kommunane oppdaterte plantal for kommande 3-års periode.

Dagens busettingsmodell er ein "solidaritetsmodell". Dette tyder at dersom éin kommune som vert oppmoda om å busette flyktningar, svarer nei eller fattar vedtak som er lågare enn IMDi si oppmoding, må talet på flyktningar fordelast på dei øvrige busettingskommunane. Modellen er basert på samarbeidsavtalen mellom staten og KS.

Det er eit prinsipp at flyktningar skal busettast i kommunar over heile landet. Kommunen må ha eit tilpassa tenestetilbod til dei som vert busette, mellom anna introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Slik kan dei komme i arbeid eller gå vidare til kvalifisering og utdanning.

Noreg pliktar gjennom internasjonale avtalar å ta imot menneske som er utsett for forfølging i sine heimland. Busetting av flyktningar er ikkje berre ei humanitær oppgåve. Flyktningar utgjer også ein ressurs. Både privat og offentlig sektor vil ha behov for meir arbeidskraft i åra framover. Gjennom gode kvalifiseringsprogram kan kommunar skreddarsy kompetanse som arbeidslivet treng.

Ein monaleg del av dei vaksne flyktningane er einslege ved busettingstidspunktet, men ein del har familie i heimlandet som kan ventast å komme til Noreg. At flyktningar får familien sin til landet, vil vere positivt for integreringa og kan bidra til befolkningsutvikling, men det kan også innebere utfordringar med bustad og kapasitet i kommunane. Vi tilrår difor at kommunen har fokus på at det kan komme familiesameinte i tillegg til dei som vert busette. Familieinnvandra til personar i målgruppa for integreringstilskot løyser også ut tilskotet. Sjå www.imdi.no for meir informasjon om tilskotsordningane.

IMDi bidreg gjerne med ulike tiltak saman med våre samarbeidspartnarar for å legge til rette for busetting. Dette inkluderer:

- Langsiktig planlegging av busettings- og kvalifiseringsarbeidet; medrekna samarbeidsavtalar med IMDi og Husbanken, fleirårige vedtak og jamm busetting.
- Tilgjengelege tilskot frå staten som er meint å dekke kommunale utgifter ved busetting og integrering av flyktningar (integreringstilskot, norsktilskot, særskilt tilskot for einslege mindreårige, tilskot ved busetting av personar med alvorleg, kjente funksjonshemminger og/eller åtferdsvanskar, Husbanken sine bustadfinansieringsordningar mv).
- Prioritering av tilskot til utleigebustader innanfor dagens budsjett.
- Større og meir fleksibel bruk av Husbanken sitt startlån.
- Profesjonell bruk av den private leiemarknaden, der dette vert sett på som ei parallel løysing til bruk av kommunale bustader ved busetting av flyktningar.

Meir utfyllande informasjon om tilskotsordningar, rundskriv med meir i samband med busetting av flyktningar, fins på IMDi sine heimesider: www.imdi.no. Ta gjerne kontakt med IMDi dersom de ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av flyktningar generelt.



Til kommunene

Vår referanse: 09/00909-7
Arkivkode: 033
Saksbehandler: Nina Gran
Deres referanse:
Dato: 29.04.2014

Behov for økt bosetting

KS viser til ekstra anmodningsbrev fra Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) om bosetting av personer med innvilget opphold i landet for 2014 og 15. På grunn av det rekordhøye antallet som venter i asylmottak, er det nå et stort behov for å få bosatt mange flyktninger raskest mulig. KS vil derfor anmode kommunene om å bosette et høyere antall i 2014 og 15.

Kommunene har gjort en veldig bra jobb i bosettingsarbeidet siste år, og i første kvartal 2014 er 35% flere bosatte enn pr tilsvarende tidspunkt i fjor. Pga raskere saksbehandling av utlendingssaker i Utlendingsdirektoratet, flere asylsøkere og høyere andel som fikk opphold i 2013, sitter det nå 5 500 i asylmottak og venter på bosetting. Det er om lag 4000 flere enn hva som har vært vanlig tidligere år. Av disse har om lag 4000 personer med godkjent opphold ventet på bosetting i en kommune i mer enn seks måneder etter at vedtaket om opphold er fattet.

For KS er det svært viktig å sikre dagens bosettingsmodell som er basert på frivillighet. KS mener at andre alternativer som er spilt inn i debatten, som for eksempel statlig tilvisning eller åpen selvbosetting uten restriksjoner, vil svekke kommunenes arbeid med god integrering av nyankomne flyktninger. 22 april i år ble avtalen mellom staten og KS om bosetting av flyktninger og asylsøkere fornyet med den nye regjeringen. Avtalen er basert på frivillighet for kommunesektoren og gode rammebetingelser på feltet, og forutsetter at bosettingsbehovet dekkes. Den gjelder for 2 år og vil evalueres årlig. Målet i avtalen er å bosette 10 000 personer i 2014 og 15. Målloppnåelse krever en ekstra innsats fra kommunene. Parallelt med dette har også KS foreslått konkrete forbedringer i rammebetingelsene for bosetting.

KS Landsstyre vedtok følgende enstemmig uttalelse 16.10.13:

«Det er viktig for kommunene å beholde frivillighetsprinsippet for mottak av flyktninger, og KS mener beste måten å unngå statlig tvang vil være at kommunene i praksis viser at de kan løse behovet for bosetting basert på gjeldende avtale.

KS' landsstyre oppfordrer den enkelte kommune til å vurdere om det er potensielle for økt bosetting, under forutsetning om tettere oppfølging og kompetansetilførsel fra det regionale apparatet til Integrerings- og mangfoldsdirektoratet og Husbanken.

Landsstyret mener at den prekære situasjonen for lengeventede flyktninger i mottak tilsier at staten ytterligere må forsterke sine boligpolitiske virkemidler. For å sikre kompensasjon av kommunenes utgifter, må også integreringstilskuddet økes betraktelig, jfr. Beregningsutvalgets resultater, og det må gjeninnføres kompensasjon for ressurskrevende tjenester til personer som kommer på familiegenforening.» (hele uttalelsen ligger på ks.no)

KS vil derfor anmode kommunene om å vurdere muligheten for å ta et ekstra antall i disse 2 årene.
Kun på den måten kan vi løse problemet med de lengeventende, og sikre bosettingsmodellen.

Med vennlig hilsen



Helge Eide
områdedirektør interessepolitikk



Tone Marie Nybø Solheim
avdelingsdirektør helse og velferd